

---

Saknr: 2020/918-3  
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		15.04.2020
Fylkesutvalet		30.04.2020

## Søknad om finansieringsstøtte til Stad skipstunnel

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 300.000 til Styringsgruppen for Stad skipstunnel som tilskot til drifta i 2020. Løyvinga vert dekkja av fylkesutvalet sin rådveldekonto: 100110 147000.

## Samandrag

Styringsgruppen for Stad skipstunnel har søkt om økonomisk støtte til drift av prosjektorganisasjonen i 2020. Det vert søkt om kr 300.000 frå Vestland fylkeskommune. Det samla budsjettet er på kr 750.000. Prosjektet Stad skipstunnel er inne i ein kritisk fase i 2020, og fylkesrådmannen rår til at ein støttar prosjektet med kr 300.000 i 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg:  
Prosjektplan for Stad skipstunnel  
Søknad frå Styringsgruppen for Stad skipstunnel.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Styringsgruppen for Stad skipstunnel sitt mål er å få realisert Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt gjennom særskilt statleg finansiering. Stad skipstunnel prosjektet er fullfinansiert i Nasjonal transportplan (2018-2029), og Kystverket har planlagt byggjstart i 2021. Kystverket fekk 0,5 mill kr til planleggjing i statsbudsjettet for 2020. Gjennomføringa er likevellkkje avhengig av at Stortinget fattar eit endeleg vedtak om at tunnelen skal byggjast. Styringsgruppa har målsetjing om oppstartmidlar og byggjstart i 2021, og opning av verda sin første skipstunnel i 2025.

For å driva påverknadsarbeidet vidare i 2020 har styringsgruppa søkt om midlar frå fleire instansar. I søknaden skriv prosjektgruppa m.a. fylgjande

*Styringsgruppen for Stad skipstunnel jobber inn mot sentrale beslutningstakere for å holde trykket oppe, og se til at prosjektet har den nødvendige framdriften. I tillegg til jevnligte møter med sentrale beslutningstakere og Kystverket, jobber styringsgruppen aktivt med å få ut informasjon om prosjektet og ha jevnligte presseoppslag om Stad skipstunnel. Vi jobber også tett med våre samarbeidspartnere som LO, NHO, Kystrederiene, Norges Fiskarlag, Hurtigbåtforbundet og næringslivet på kysten.*

Budsjettet for 2020 er på kr 750.000, der det er lagt til grunn tilskot frå Vestland og Møre og Romsdal fylkeskommunar på samla kr 500.000 samt kr 250.000 frå lokale interessentar.

Både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd midlar til prosjektgruppa i ei rekkje år.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jfr reglement for økonomiforvaltninga, pkt 2.2.

**Økonomi:** Ikkje relevant utover løyvinga

**Klima:** Ikkje relevant på kort sikt

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** I gjeldande strategi for Sogn og Fjordane heiter det m.a. i mål 4: Strategiar for å utjamne avstandsulemper, rammer for utvikling for å skape attraktivitet i mindre sentrale strøk og strategiar for å utvikle sentra skjer samstundes.

### Konklusjon

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt å få realisert for Vestland fylkeskommune. Den vil vera viktig for tryggleiken til sjøs og den legg til rette for båtsamband langs heile vestlandskysten. Den kan og stimulera næringslivet i regionen. Både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd midlar til styringsgruppa i mange år. Fylkesrådmannen si vurdering er at det er viktig å støtta styringsgruppa med midlar i 2020 også, ettersom prosjektet no er inne i ein avgjerande fase. Dette vert eventuelt det 6. året at fylkeskommunen er med å støttar prosjektet, og det kan vera naturleg å signalisera at når prosjektet no er ferdig planlagt, så må eventuell vidare støtte sjåast i lys av det.